

Styrerapport Grønn-Hagen Bjørke Malawi Foundation 2021

Stiftinga vart etablert i 2009 og har som hovudføremål å bidra til utvikling for dei fattige i Malawi. Hovudaktiviteten er å byggje klasserom og andre bygningar til eksisterande skular, og bygg i tilknytning til dette. Resultat for 2021:

Kafunga FP	3 klasserom nybygg
Chiganga FP	2 klasserom rehabilitert
Kazando C	2 klasserom nybygg
Kazando HA	Lærarbustader nybygg
Ujazi Mazembe	Lærarbustad nybygg
Kande B	2 klasserom rehabilitert
Mfundi D	2 klasserom rehabilitert
Mnkhokwe	Lærarbustad nybygg
Chituka House	Bustad for tilsette, helseklinikk nybygg
Kachere Clinic	Rehabilitert 3 bustader for tilsette

Vidare har vi støtta 57 handgravne brønner, desse gir reint vatn til ca. 14 000 menneske.

Rekneskapan viser ei omsetjing på 2 988 000 kroner og eit underskot på 99 100 kroner. Hovudinntektene kom frå ulike gåver, mellom anna 200 000 kroner frå Lions.

Eigenkapitalen er på 1 447 000 kroner, i dette ligg også grunnkapitalen på 100 000 kroner. Føresetnader for vidare drift er såleis til stades. Alle innsamla midlar/gåver til stiftinga blir fullt ut brukte til prosjekt i Malawi. Gåvene kjem frå givarar som har høyrte om arbeidet vårt gjennom media, kjende og ulikt informasjonsarbeid.

I alt 139 543 kroner er utgiftsført til lokalt tilsette i Malawi, her også irekna innbetalt skattetrekk og pensjon. Stiftinga har ingen tilsette i Noreg.

Stiftinga er registrert i Innsamlingsregisteret (Innsamlingskontrollen) og i Frivilligregisteret.

Nøkkelta

Innsamlingsprosent: 100 pst.
(Viser forholdet mellom innsamla midlar og kostnader ved innsamling)

Administrasjonsprosent: 2 pst.
(Viser kor stor del av totalt tilgjengeleg midlar som er brukt til administrasjon)

Formålsprosent: 98 pst.
(Viser kor mykje av totalt forbruk som faktisk er brukt på det ideelle formålet)

Oslo, 12. desember 2022

Kari Bjørke
styreleiar

Arnstein Bjørke (s)
styremedlem

Ola Grønn-Hagen (s)
styremedlem